



**NVE kjem no med ein venta uttale for at Mannsvatnet regulerast med 1 meter og at Tverrelva Kraft vert gjeve løyve til å byggja kraftverk etter alternativ 1. Det bety at det vert vannveg i tunnel frå inntaksdammen og til tunnelpåhogget og vidare som nedgravd røyrgate fram til krafstasjonen. Saka er nå sendt over til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.**

Kraftverket vil utnytta fallet mellom vatnet på kote 566 og kraftstasjonen på kote 30. Eit nedbørfelt på 5,5 kvadratkilometer vert utnytta. Kraftverket vil få ein effekt på 4,95 MW og ein årsproduksjon på 20,43 GWh. Mannsvatnet var også tidlegare regulert med omtrent 1 meter Dammen vert ein gravitasjonsdam eller platedam 4 meter høg og 30-40 meter brei. I hovudalternativet (1) vert kraftstasjonen plassert 130meter opp frå Uskedalselva i ein sidegrein av Tverrelva medan den i det andre alternativet er lagt 60 meter oppe.

NVE legg vekt på at prosjektet vil styrkja næringsgrunnlaget i Uskedalen. Det vert peika på at det vert lagt i eit område som tidlegare både har vore regulert og utnytta til kraftproduksjon.

Selskapet som søker er Tverrelva kraft AS som har SKL produksjon som eigar. og som skal stå for utbygging og drift. Det er inngått avtale med samtlige grunneigarar om utbygging av elva.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen